

Den spesielle banken på Svalbard

TEKST: GRO WOLLEBÆK / FOTO: SVALBARD GLOBAL SEED VAULT

Ein aude stad med arktisk kulde, djupt inne i fjellet på Svalbard, ligg eit av dei mest dyrebare skattkammera i verda. Det er verken pengar, gull eller edelsteinar som ligg gøymde her – det er frø! Staden blir kalla Frøkvelvet på Svalbard, kjent som Svalbard globale frøkvelv. Kvelvet rommar millionar av frø frå heile kloden.

Gamle og nye frø

Her er tusenvis av frø frå viktige planteartar, slik som matvekstane ris, mais og kveite. Her finst også frø som blir brukte til medisinar og klede.

Nokre av frøa er svært gamle, medan andre er resultatet av moderne jordbruk og vitskap. Det fantastiske er at kvart enkelt frø har potensiale til å vekse opp til å bli ein heilt ny plante som igjen kan danne nye frø.

Frø frå heile verda

Frøkvelvet vart opna i 2008 for å verne matforsyninga i verda mot framtidige katastrofar som krig, flaum, tørke, sjukdommar, pandemiar og klimaendringar. Dette spesielle kvelvet er som ein tryggleikskopi for alle typar frø frå heile verda.



Inngangsdøra til frøbanken

FAKTA

3

Består av tre store fjellhallar

120

Befinn seg 120 meter inn i fjellet. Hallen toler jordskjelv

400

Inneheld kasser der kvar kasse har plass til 400 posar med frø

500

Inneheld 500 frø i kvar aluminiumspose





I 2008 sa EU-president José Manuel Barroso:

“Dette blir ein frosen Edens hage. Ein stad der livet kan bevarast for all framtid same kva som skjer rundt om i verda”. Foto: Valsts Kanceleja



Frøa kjem med fly og blir køyrde vidare med lastebil til frøbanken.

Perfekte forhold

Frøa blir lagra i kvelvet under perfekte forhold for å sikre at dei kan brukast lengst mogleg. Dei blir haldne i lufttette posar ved ein temperatur på minus 18 grader celsius. Det kalde miljøet bremsar aldringsprosessen i frøa, noko som betyr at dei kan overleve i mange år, og kanskje til og med i hundreår.

Samarbeid

Frøhvelvet er også eit symbol på internasjonalt samarbeid. Land over heile verda sender frø til kvelvet for sikker lagring. Sjølv om mange land har sine egne frøbankar, fungerer kvelvet i Noreg som ein global tryggleikskopi. Det er gratis å lagre frø her.

Viktig for menneskja

Under borgarkrigen i Syria i 2013 vart ein viktig frø-bank i byen Aleppo øydelagd. Heldigvis var det lagra same type frø på Svalbard, slik at forskarane frå Syria i 2015 kunne dyrke fram nye frø i Libanon og Marokko. Dette er eit godt døme på kor viktig frø-lageret kan vere for å bevare plantar og sikre mat-forsyning til menneska.



Viktige frø for framtida blir tørka og blir gjorde klare for lagring.



Frøa blir lagra i lufttette aluminiumposar og blir oppbevarte i rom med minus 18 grader celsius.



Åsmund Asdal er Seed Vault koordinatør i NordGen. Han sørgjer for at frøa blir lagra korrekt.

Oppgåver

- 1 Kva er grunnen til at frøkvelvet vart opna i 2008?
- 2 Kva katastrofar skal dette kvelvet verne mot?
- 3 Kva typar frø blir lagra i frøkvelvet, og kvifor er desse spesielt viktige?
- 4 Kvifor er det viktig å ha ein global tryggleikskopi for frø?
- 5 Korleis kan frøa på Svalbard sikre mat i framtida?
- 6 Skriv opp ei liste på minst 10 frø du meiner er superviktige å bevare. Gi ei kort grunngiving til kvart frø.
- 7 «Dette blir ein frosen Edens hage», sa EU-presidenten. Kva meinte han med det?
- 8 Skriv ei kort historie om ein frøpose si reise frå landet sitt og til Frøkvelvet på Svalbard. Få med detaljar om kvifor akkurat desse frøa vart sende til Noreg, kvar dei kjem frå, korleis dei vart sende og korleis du trur dei vart mottekne på lageret. Lag gjerne illustrasjonar som passar til teksten din.